



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 18.02.2015
Vår ref.: 2014/24792-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Fråsegn kulturminne - Grindheim - gnr 34 bnr 5 - frådelling av tomt til heilårsbustad - Radøy kommune

Vi viser til brev av 22.12.2014 med sak til fråsegn, og til vårt brev av 07.01.2015 med varsel om synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har gjennomført ei synfaring 16.02.2015. I søknad frå Radøy kommune er det nemt ein steinsett haug i området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune har vurdert haugen. Vi kan ikkje sjå at den er eit kulturminne, basert på føreliggande kunnskap om førhistoriske gravminner, tufter m.m.

Vi vil likevel minne om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar, blir avdekt i samband med arbeid i marka, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Ei slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om funn.

Hordaland fylkeskommune har elles ingen andre merknader til saka.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.